

Intensjonsavtale Jobbmot

Jobbmot Kompetansesenter for ungdom og arbeid er ein 2 årig pilot som er etablert av kommunane i Nordhordland og NAV. Piloten er organisert i ungdoms og intergreringsavdelinga i NAV Alver, og Alver kommune er vertskommune.

Jobbmot skal sikre at ungdom får rask tilgang på hjelp mot arbeid, utdanning eller aktivitet. Samarbeidspartane eller ungdom treng inga tilvising for å ta kontakt med Jobbmot. Målgruppe er ungdom under 25 år (frå det året dei går i 10. klasse) som har behov for oppfølging utover direkte formidling til kvalifisering, utdanning eller arbeid.

Jobbmot skal:

- *ha innsikt og utvikle metodikk og kompetanse som kan hjelpe ungdom og arbeidsliv å sjå sine moglegheiter.*
- *vera pådrivar for at det utviklast kunnskapsbaserte, treffsikre tiltak og metode for oppfølging av ungdom som er basert på individuelle behov og med høg grad av brukarmedverknad.*
- *Jobbe for samhandling med næringsliv og utdanningsinstitusjonar slik at ein matchar regionens behov, og bidrar aktivt til at arbeidsmarknaden får moglegheit til å ta i bruk den unge arbeidskrafta vi har i regionen.*

Avtalens parter

Avtalen er en gjensidig forpliktende avtale mellom kommunen og Jobbmot Kompetansesenter for ungdom og arbeid (vidare nemnd som Jobbmot)

Kontaktperson for avtalen i Jobbmot:

Ane Bysheim

ane.bysheim@nav.no, Tlf 960 14 472

Bakgrunn og formål med avtalen

Formålet med avtalen er at alle som jobbar rundt, og med ungdom samarbeider på best mogleg måte. Intensjonsavtalen skal sikre at Jobbmot kan kontakte og samarbeide med aktuelle tenester i samband med oppfølging av ungdom. Målet er at ungdom skal oppleve at alle partar jobbar koordinert og saumlaust og i tråd med oppvekstreformens intensjon om tverrfagleg samarbeid. Aktuelle samarbeidspartnarar i kommunen kan være alle tenester som jobbar med ungdom som til dømes skule, helsetenester, kultur og barnevern.

Teieplikt

Teieplikta regulerast av Forvaltningslova §13

Informasjonsdeling mellom tenestene forutset skriftleg samtykke frå brukar. Samtykke må være informert, uttrykkeleg og frivillig. Individuell bistand frå senteret er frivillig, og samarbeid krev samtykke frå ungdom og for ungdom under 18 år krev det samtykke frå føresette.

Forpliktande samarbeid

Partane forpliktar seg til eit gjensidig samarbeid for å hjelpe ungdom med å komme i, eller forsette i jobb/utdanning/aktivitet.

Økonomi

Samarbeidet mellom partane skal skje innanfor regelverk og økonomiske rammer som til ei kvar tid gjeld. Rammene for Jobbmot bestemast av styringsgruppa. Dersom prioriterte samarbeidsområde krev økonomisk og/eller personalmessige ressursar frå partane skal dette løysast mellom partane, eventuelt via ekstern finansiering.

Prioriterte samarbeidsområde

A. Informasjon

Partane skal dele informasjon om moglegheiter, tiltak, endringar i regelverk, organisering og anna relevant informasjon om og rundt ungdom i kommunen. Kommunen skal sørge for at informasjon frå senteret vert delt i aktuelle tenester og spreie kunnskap i kommunen om korleis senteret kan kontaktast.

B. Erfaringsutveksling

Kommunen skal så langt det lar seg gjere involvere Jobbmot i relevante samarbeid og fora knytt til ungdom.

C. Samhandlingsrutinar


Jobbmot skal etablere rutinar for samhandling med dei tenestene som blir aktuelle i kommunen. Rutinar kan til dømes innhalda faste kontaktpunkt og/eller faste kontaktpersonar, eller samarbeidsprosjekt. Partane må sørge for at ein varetar krav til teieplikt, deling og innhenting av informasjon i trå med gjeldande regelverk og i særlovgivning i dei ulike fagetatane.

Kontaktperson for Jobbmot i kommunen er:

Varigheit, evaluering og oppseiing

Avtalen gjelder frå 01.10.22 til 01.10.23

Avtalen evaluerast en gang i året. Kvar av partane kan sei opp avtalen med ei skriftleg grunngjeving. Jobbmot skal ta initiativ til evalueringsmøte ein gang i året.



Prosjektleder Ane Bysheim 20.09.22

Kommunedirektør

Vedlegg: 1. Døme på samtykke Jobbmot 2. Organisasjonskart kommune

Samtykkeerklæring

NAMN:

Fødselsdato:

Adresse:

Taushetsplikt og forsvarleg behandling i Jobbmot kompetansesenter

Personopplysningar om deg vil bli behandla konfidensielt og vi har lovbestemt taushetsplikt. Om vi skal utveksle taushetsbelagte opplysningar om deg, må det vera etter ein lovheimel eller et samtykke frå deg, og frå eventuelt dine foreldre/føresette.

Formålet med samtykket

For at vi skal gje deg god oppfølging kan det være nødvendig både å innhente og utveksle opplysningar om deg. Det kan for eksempel være behov for å utveksle opplysningar med f.eks NAV, skulen, helse- og omsorgstjenesten, arbeidsgivar eller andre i forbindelse med din oppfølging. For å kunne hente inn disse opplysningane frå andre trengjer vi et samtykke (tillatelse) frå deg. Samtykket vil fritta dei som har taushetsbelagte opplysningar om deg frå deira taushetsplikt, men vi skal kun innhente eller utveksle opplysningar som er relevante i forhold til oppfølginga. Du vil bli informert om kva opplysningar vi innhentar/delar.

Du må fylle ut begge skjema; det eine gjer Jobbmot rett til å *få* opplysningar om deg frå andre. Det andre skjemaet gir oss rett til å *gi* opplysningar om deg til andre.

Rettigheter

Du har rett til innsyn i opplysningar som er lagra om deg, og du kan krevje retting av feilaktige eller ufullstendige opplysningar. Du kan og krevje at unødvendige opplysningar om deg sjølv vert sletta.

Du kan når som helst trekke samtykket tilbake utan å gje ein grunn.

Kompetansesenteret beheld samtykkeerklæringen (original), og du får en kopi. Samtykket gjeld i 6 mnd frå dato det er signert.

Eg samtykker til Kompetansesenteret kan gjøre nødvendig og relevant informasjon til	Ja (sett kryss)	Nei (sett kryss)
NAV		
Skule:		
Oppfølgingstjenesten/rettleiingstenesta		
Helse- og omsorgstjeneste		
Spesialisthelsetjenesten		
Barnevern		
Arbeidspraksis/arbeidsgivar		
Andre (spesifiser):		

Dato:..... Min underskrift:.....

Mine foresattes underskrift:...../.....

Eg samtykker til at Kompetansesenteret kan innhente nødvendig og relevant informasjon frå	Ja (sett kryss)	Nei (sett kryss)
NAV		
Skule:		
Oppfølgingstjenesten/retteiingstenesta		
Helse- og omsorgsteneste		
Spesialisthelsetenestene		
Barnevern		
Arbeidspraksis/arbeidsgivar		
Andre (spesifiser):		

Dato:..... Min underskrift:.....

Mine foresattes underskrift:...../.....